

"Kvinnherad-hest" vann i Bergen

04.04.2008

Hesten "Maxwill C.n.", som uskedelingen Magne Huglen er medeigar i, vann løp nummer fire i Bergen Travpark torsdagskvelden.

, Kvinnheringar eig 67,5 prosent i hesten, som er fødd i Danmark. Denne gongen fekk han 1,18,0 i kilometertid og raskare har han ikkje vore.

- Det var ein kontrollert siger og hesten imponerte stort etter den hardtreninga han har hatt i det siste, seier Magne Huglen til uskedalen.no.

Premien var 10.000 kroner og kusken heitte også denne gongen Øyvind Austevoll.